



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Quality Hotel Florø</b>
<b>Møtedato</b>	<b>06.06.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

**Faste medlemer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Magnus Strand, Bente Underthun

**Forfall til møtet:** Wenche Røkenes, Odd Atle Stegegjerdet

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 16. mars 2016 vart godkjend utan merknader.

Møte starta med ei orientering om universell utforming, der Heidi Sårheim frå Blindeforbundet og Eivind Nybakke (ergoterapeut i Flora kommune), orienterte om følgjande tema innan universell utforming:

- Generell informasjon
- Barn- og unge – barnehagar/skular – inkludering
- Inn mot kommunane
- Rørslehemma og synshemma

Det er sju prinsipp for universell utforming:

- Like moglegheiter for bruk
- Fleksibel i bruk
- Enkel og intuitiv i bruk
- Forståeleg informasjon
- Toleranse for feil
- Lite fysisk strev
- Storleik og plass for tilgang og bruk

Heidi og Eivind har god kompetanse om dette fagområdet, og kan gje råd og henvise til andre instansar om det er behov for rådgjeving innan universell utforming.

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

**Meldesak 1) Uttale frå Hørselhemmedes landsforbund**

«I dag er det over 200.000 personar som brukar høyreapparat og talet vil auke i åra framover. I prop. 1 S (2015 - 2016) frå Arbeids - og sosialdepartementet vert det lagt til grunn at fleire personar vil få varig høyrselstap på grunn av auka levealder og at fleire unge vil kunne få varig høyrselstap grunna støyskader. I 2020 kan ei n million nordmenn vere høyrselshemma.

HLF Sogn og Fjordane oppfordrer Sogn og Fjordane fylkeskommune til å være ein pådrivar for betre tilrettelegging i offentlige bygningar og sørge for at publikumsbygningar i kommunal/fylkeskommunal eige er tilrettelagt med teleslynge og høgtalar».

**Meldesak 2) Uttale frå Gaular kommune om tannehelsetenesta i Sogn og Fjordane**

Uttale frå helse- og sosialutvalet i Gaular kommune i møte den 16. mars 2016:

«Det er gjort ei grundig utgreiing om korleis tannehelsetenesta arbeider, og om utfordringar for tenesta vidare. Vi har forståing for at det kan vere vanskeleg å spare samstundes med at ein skal tilgodesjå andre forhold, m.a. fagleg nivå, samarbeid med andre helsetenester og tilgjengeleghet. I eit folkehelseperspektiv har tannehelsetenesta gjort eit stort og verdfullt arbeid, det er viktig at dette vert teke vare på og vidareutvikla. Utgreiinga legg også vekt på dette, og at sunn tannehelse er grunnleggande for god allmennhelse. Vidare står det i utgreiinga s. 10 at: I stortingsmelding nr. 35: Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning – Framtidas tannehelsetjenester blir det lagt vekt på kor viktig det er med samarbeid mellom sektorane for å oppnå resultat i Folkehelsarbeidet. Vi meiner at det no er feil tidspunkt å gjennomføre ei så stor reform av tannehelsetenesta som utgreiinga legg opp til, med samanslåing av klinikkar. Vi er midt inne i ei kommunereform som vi enno ikkje veit resultatet av. Ein må og stille spørsmål om den samfunnsøkonomiske gevinsten ved tiltaket. Difor vil vi oppmode om at det vert utgreia andre løysingar, det kan vere meir ambulerande tenester, og/eller samarbeid med andre aktørar, meir systematisk samarbeid mellom klinikkar for fagleg utvikling, og tilbod til pasientar ved vakansar og feriar.

Dersom det ikkje vert ei utsetting av saka, meiner helse- og sosialutvalet i Gaular kommune at den samfunnsøkonomiske sida bør vurderast. Tannehelsetenesta bør utviklast vidare og samordnast med dei andre primærhelsetenestene, og vere nærmast folk bur og arbeider».

**Meldesak 3) Fråsegn frå Gaular kommune til Kommunal- og moderniseringssdepartementet**

Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune har gjeve uttale i sak om «Råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetting». Sjå vedlegg.

**Meldesak 4) Fråsegn frå Helse- og sosialutvalet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune, om kutt i bussrutetilbod**

Fråsegn frå rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune: «På grunn av sparetiltak i samferdselssektoren i fylkeskommunen, er lokale bussruter i Gaular kommune lagt ned i skuleferien. Det inneber at innbyggjarane i Gaular kommune er totalt utan busstilbod i denne perioden. For dei som av helse – eller andre årsaker ikkje kan køyre bil sjølv, er dette ein dramatisk reduksjon av livskvalitet. For eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert kvarldagen mykje vanskelegare.

Helse- og sosialutvalet i Gaular kommune er uroa over dette. Vi er klar over at tilbodet er kutta ut fordi der er få brukarar. Men å kutte det heilt ut der det ikkje finst andre alternativ, er svært dramatisk for dei det råkar. Ein kan lett tenke seg at det kan føre til meir passivitet og einsemd i kvarldagen, ein vert meir avhengig av hjelp frå andre, og må kanskje flytte frå heimen tidlegare enn det ein elles kunne ønske. Vi vil difor oppmode om at det vert arbeidd for å få på plass att eit rutetilbod for bussete i Gaular kommune minst ein dag i veka».

Helse- og sosialutvalet i Gaular kommune er uroa over dette. Vi er klar over at tilbodet er kutta ut fordi der er få brukarar. Men å kutte det heilt ut der det ikkje finst andre alternativ, er svært dramatisk for dei det råkar. Ein kan lett tenke seg at det kan føre til meir passivitet og einsemd i kvarldagen, ein vert meir avhengig av hjelp frå andre, og må kanskje flytte frå heimen tidlegare

*enn det ein elles kunne ønskje. Vi vil difor oppmøde om at det vert arbeidd for å få på plass att eit rutetilbod for busette i Viksdalen minst ein dag i veka».*

#### **Meldesak 5) Innspel til regional transportplan – prosess**

Sekretær for fylkesrådet sende ut følgjande e-post 20. mai: «*Planprogrammet for regional transportplan er ute på høyring no. Fristen for å melde inn innspel er 27. mai. Om det er slik at de har innspel til planprogrammet, må de sende dette til meg innan 25. mai kl. 12.00, slik at eg får samanstilt eventuelle innspel.*

*Sjå spesielt på side 26 og utover i høyringsframlegget. Sidan det er planprogrammet som er på høyring ynskjer dei innspel på prosess og medverknad (ikkje på tiltak, sidan dette skal arbeidast med i sjølve planen)». <http://www.sfi.no/rtp-planprogram-paa-hoeyring.5864864-336473.html>*  
Sekretær har ikkje motteke innspel til planprogrammet.

Konklusjon: Sekretær sender e-post til samferdsleavdelinga om at fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er opne for og har ynskje om å verte involvert i prosessen med planprogrammet for regional transportplan.

#### **Meldesak 6) Oppsummering frå SOR-konferansen**

SOR-konferansen «Nye tider! Effektivitet, kvalitet og gode løysingar når økonomiske rammevilkår endrast» var gjennomført i Bergen 2. – 3. mai. Oppsummering frå dei i fylkesrådet som deltok på konferansen.

Odd Atle, Bente og Wenche deltok på konferansen. Det var mykje nyttig informasjon på konferansen, som orientering frå kommunane, endringar i arbeidskvardagen, ressursbruk i pleie- og omsorgssektoren ,levekår for menneske med kognitive vanskar og informasjon frå Danmark om verdisyn og menneskesyn. Presentasjonane frå konferansen finn ein her:  
<http://www.samordningsradet.no/lysarkpresentasjoner.cfm>

#### **Meldesak 7) Ymse**

Det var minna om at neste møte er 15. september. Tema for møte vert velferdsteknologi og møte vert i Stryn.

**SAK 9/16**

**Fylkesatlas og kartlegging av tilgjengeleighet for  
friluftsområder i kommunane**

**Frå fylkesrådet vart det i møte formulert slik tilråding til vedtak:**

Fylgjande informasjon sendast til ordførarar og rådmenn i kommunane i Sogn og Fjordane, med kopi til dei kommunale råda:

- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar alle kommunar i Sogn og Fjordane i samband med kartlegging av universell utforming, og legge inn denne informasjonen i Fylkesatlas.
- Dette er for å sikre ein samordna informasjon for kor det finnast universelt utforma friluftsområde for innbyggjarane i fylket.
- Fylkesrådet har ynskje om dialog mellom fylkeskommunen og kommunane når dei kartlegg universelt utforma friluftsområde.

**Avrøysting:**

Einstemmig

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylgjande informasjon sendast til ordførarar og rådmenn i kommunane i Sogn og Fjordane, med kopi til dei kommunale råda:

- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar alle kommunar i Sogn og Fjordane i samband med kartlegging av universell utforming, og legge inn denne informasjonen i Fylkesatlas.
- Dette er for å sikre ein samordna informasjon for kor det finnast universelt utforma friluftsområde for innbyggjarane i fylket.
- Fylkesrådet har ynskje om dialog mellom fylkeskommunen og kommunane når dei kartlegg universelt utforma friluftsområde.

## **SAK 10/16      Oppfølging av arbeidsplan for fylkesrådet**

### **Frå fylkesrådet vart det i møte konkludert med følgjande:**

Arbeidsplanen teke til orientering.

Medlemmene har starta dialogen med organisasjonane som dei representerer, og dette arbeidet fortset etter sommaren.

Fylkesrådet har starta arbeidet dialogen ut mot kommunane og informasjon om kartlegging av universell utforming.

#### **Avrøyting:**

Einstemmig

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Arbeidsplanen teke til orientering.

Medlemmene har starta dialogen med organisasjonane som dei representerer, og dette arbeidet fortset etter sommaren.

Fylkesrådet har starta arbeidet dialogen ut mot kommunane og informasjon om kartlegging av universell utforming.

---

## **SAK 11/16      Skriv og melding 6. juni 2016 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**

#### **Avrøyting:**

Einstemmig

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.**

- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**
-